

Til: Regionalt fagdirektørmøte i Helse Vest  
Frå: Haldis Økland Lier og Marta Ebbing  
Dato: 10.04.2019

## Retningslinjer for regionalt forskingssamarbeid

Forskning kan styrkast gjennom bygging av regionale forskingsnettverk. Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon er opptekne av å legge til rette for eit godt samarbeid mellom institusjonar i regionen. Samarbeid i søknadar om forskingsmidlar er framheva i forskingsstrategien til Helse Vest:

*Forskingskvaliteten skal styrkjast gjennom bygging av regionale nettverk. Eit godt samarbeid mellom institusjonane i regionen er ein føresetnad for å kunne nå opp i konkurransen om eksterne forskingsmidlar.*

Helse Vest RHF ønsker at forskingsmiljø ved helseføretaka og dei private ideelle institusjonane samarbeider om forskning. Eit regionalt forskingsnettverk er eit strategisk verkemiddel for å skape gode samarbeidsrelasjonar som bidrar til kompetanseheving, betre koordinering og styrking av forskinga innan eit avgrensa fagområde i regionen, utover det eitt enkelt forskingsmiljø kan oppnå åleine.

Desse retningslinjene skal gjelde for samarbeid mellom helseføretaka/dei private ideelle institusjonane i regionen (heretter omtala som sjukehusa). Retningslinjene gjeld og for Sjukehusapoteka Vest (SAV). Forskingsamarbeid mellom fleire sjukehus føreset at partnarane har noko å tilby som styrker prosjektet. Bidrag inn i felles prosjekt kan både være gjennom kompetanse og eigenbidrag til finansieringa av prosjektet. Kompetanse kan styrkjast gjennom forskarutveksling i regionen.

Det er viktig at samarbeidet er reelt og gjensidig forpliktande. Det skal vera kontakt mellom partane i sjølve søknadsutforminga. Følgjande retningslinjer for regionalt forskingssamarbeid i Helse Vest blir føreslått:

- Samarbeidspartnarar/prosjektmedarbeidarar namngjevast i søknad med affiliasjon (klinisk eller forskingsgruppe).
- Konkrete oppgåver og ansvar tillagt samarbeidspartnar(ane) skal skildrast i søknad, t.d. deltaking i planlegging, utforming av prosjektprotokoll, budsjettering, datainnsamling, databearbeiding og analyse, publisering eller rådgjeving. Forventningar og rolleavklaringar skal koma klart fram i prosjektprotokoll/søknad. Medforfattarskap skal bli tilbudd der kriteriene for dette er oppfylt (Vancouver-reglane).
- Deltaking frå partane skal spesifiserast i budsjettet som eigenfinansiering eller omsøkte midlar.
- I satsingar der dette er relevant, skal det skisserast ein plan for regional nettverksbygging med tilhøyrande finansiering.
- Om det er planlagt frikjøp av ikkje namngjevne, skal prosess for utveljing av disse bli skissert. Dersom det blir lyst ut midlar i satsingar tildelt finansiering, skal det vera

opne prosessar der tilsette frå alle aktuelle sjukehus har en reell muligheit til å søke på midlane.

- Søkerinstitusjon tar initiativ overfor samarbeidsorganisasjoner ved søknad.

Ein føresetnad for eit godt regionalt forskingssamarbeid er at deltakande sjukehus har god forankring for prosjekta i eigen leiing, og at forholda blir lagt til rette ved det enkelte sjukehuset for å kunne følge opp samarbeidsprosjekt undervegs.

*Godkjent av regionalt fagdirektørmøte i Helse Vest 11.04.2019*